

TILBOD Kompetansekurs - for erfarne og nye brukerrepresentanter som deltar i arbeidet med pasient og pårørende opplæring.

Kurset er for deg som deltek som brukarmedvirkar i utviklinga av lærings – og mestringstilbod i spesialist/kommunehelsetenesta, eller skal til med dette.

LMS er forankra i verdiane om brukarmedverknad og sidestilling av brukarerfaring og fagkunnskap. Læringstilboda blir utvikla i nært samarbeid med dei ulike fagmiljøa på sjukehusa, i kommunane og i brukarorganisasjonane.

Erfarne brukarar har viktig kunnskap om korleis det er å meistre kvardagen med ein kronisk sjukdom eller funksjonsnedsetting.

Både den faglege kunnskapen til helsepersonell og brukarane sin erfaringskunnskap er nødvendig for å utvikle gode læringstilbod.

Kurset går over to kveldar og har fokus på å trygja deg i rolla som brukarrepresentant.

Innhald og tema som blir gjennomgått

- Om LMS og standard metode
- Brukarrollen
- Kommunikasjon og formidling
- Korleis bygge opp og halde eit brukarinnlegg / presentasjonsteknikk
- Praktiske øvingar

Kurs 2019

Vår onsdag 13. og 20. mars frå kl. 17.00 – 21.00

Påmelding

Send ein epost til: lms@helse-bergen.no eller ta kontakt på tlf. 55 97 47 80

Ved meldt interesse, blir det sendt stadfesting frå LMS.

Lett måltid, kaffi/te er inkludert i kurset.

Kurset er gratis.

Stad

Kurset blir arrangert i lokala til Lærings- og mestringssenteret Ulriksdal 2, 4. etasje 5009 Bergen.

